



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Adressater iflg. liste

Dykkar ref

Vår ref
08/1076- EW/JKF

Dato
22.09.2008

Høring – endringar i gebyrforskrifta – ekomområdet

Departementet foreslår med dette å endre forskrift av 21. februar 2005 nr. 168 om gebyr (gebyrforskrifta) til Post- og teletilsynet. Forslaget vert sendt på høring, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningsaker (forvaltningsloven) § 37 andre ledd. Forslag til føresegner, merknadar til desse og høyringsliste er vedlagt.

1. Grunnen til forslaga om endring

Verksemda til Post- og teletilsynet skal i samsvar med vedtak frå Stortinget vere sjølvfinansiert, og gebyra skal dekkje kostnadene med den delen av forvaltningsverksemda som sjølvfinansieringskravet gjeld.

Stortinget vedtek årleg kor mykje Post- og teletilsynet skal krevje inn i gebyr det kommande året. Det fastsette beløpet skal så krevjast inn frå dei som har plikt til å betale gebyr etter lov og forskrift. Gebyrutrekninga går ut på å fordele kostnadene forholdsmessig mellom dei som skal betale gebyr. Den gjeldande metoden for utrekning av gebyr er basert på faste gebyr som anten er lista særskilt i forskrifta som kronebeløp, blir rekna ut på grunnlag av føresegner fastsette i forskrifta, eller er "variable" gebyr som blir utmåla ved einskildvedtak. To hovudforhold avgjer kor stort det einskilde gebyret skal vere. Det eine er Stortinget sitt budsjettvedtak, som fastset kor mykje som skal krevjast inn til saman. Det andre er kor mange tilbydarar som skal vere med og dele på gebyrbelastninga. Endringar i løyvinga frå Stortinget vil resultere i auka eller redusert gebyr for aktørane, med utgangspunkt i den gebyrkategorien dei høyrer til.

Gjeldande forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet blei fastsett av Samferdselsdepartementet 21. februar 2005, og blei sist endra 23. februar 2007. Denne høyringa gjeld fleire endringar i gebyrforskrifta. Bruken av gebyrforskrifta har synleggjort eit behov for å ta inn enkelte presiseringar i forskrifta for å unngå mistydingar. Etter siste revidering av gebyrforskrifta har i tillegg ressursbruken i tilsynet endra seg på ein del område. Fleire av forslaga til endringar skuldast difor at gjeldande føresegner ikkje lenger fullt ut reflekterer kostnadene til Post- og teletilsynet når det gjeld arbeidet med tildeling av dei ulike løyva. Dette gjeld til dømes fleire av frekvensløyva, jf. § 8 Gebyr for frekvensløyve, § 9 Gebyr for frekvensløyve for Profesjonell Mobil Radio osv.

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248353
Org. nr.:
972 417 904

Luft- post- og
teleavdelingen
Telefaks:
22 24 56 09

Saksbehandlar:
Eli Wongraven
22 24 82 18

Det er òg eit omsyn at ein ønskjer ei forskrift som i mindre grad kategoriserer i spesifikke tenester, men tvert imot er meir teknologinøytral. Utslag av dette prinsippet finn ein blant anna i framlegget til § 12 om spektrumsløyve. Dette er i tråd med tildelingsprinsippa etter innføringa av lov om elektronisk kommunikasjon i 2003.

Departementet tek sikte på at endringane som foreslåast her skal tre i kraft 1. januar 2009. Departementet vil likevel allereie no varsle høyringsinstansane om at det er aktuelt med ein breiare gjennomgang av gebyrforskrifta i nær framtid. Departementet vil og ta med seg generelle og spesielle merknader som høyringsinstansane gjer merksame på i denne høyringsrunden, i den kommande revisjonen.

2. Om endringane

Gebyrutrekninga går ut på å fordele kostnadene forholdsmessig mellom dei som skal betale gebyr. Gjeldande metode for utrekning av gebyr med heimel i forskrifta er basert på faste gebyr som anten er lista opp særskilt i forskrifta som eit kronebeløp, blir rekna ut på grunnlag av føresegnar i forskrifta eller er "variable" gebyr som blir fastsett ved enkeltvedtak, jf ovanfor. Metoden først vidare, men foreslåast justert noko slik at reglane skal reflektere klårare tilsynet si arbeidsmengde med dei ulike løyva. Forslaga til endringar skal medverke til at gebyra som Post- og teletilsynet pålegg aktørane, speglar handsaminga av oppgåvene. Ordninga med slik kostnadsorientering innanfor, og inga kryssubsidiering mellom, dei ulike kategoriane blir derfor halden ved lag.

Departementet legg vekt på at gebyra skal vere forholdsmessige, gjennom å sikra at tilbydarane berre skal betale gebyr for forvaltningsoppgåver knytt til den aktiviteten som er relevant for hans marknadsaktivitet og/eller ressursar. Departementet gjer merksam på at ei simulering av frekvensgebyra rekna ut i medhald av kapittel III etter det nye framlegget blir lagd ut på Post- og teletilsynet si heimeside, sjå www.npt.no

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei administrative konsekvensane av framlegget til revidert gebyrforskrift reknar departementet som relativt små både for tilsynet og for dei fleste aktørane. Forslaget til endringar påverkar ikkje det samla beløpet som skal krevjast inn av Post- og teletilsynet. Rammene vert fastsette årleg i statsbudsjettet.

For **frekvensgebyr** vil innehavarar av spektrumsløyve med det nye framlegget få ein auke i gebyr, fordi tilsynet sin ressursbruk med desse løyva er høgare enn ved tidligare revisjon av forskrifta. Gebyret til Norges televisjon (NTV) vil som følgje av endringa i § 8 følgje direkte av føresegna. Innehavarar av andre sendarløyve i § 11 vil etter framlegget med dei nye gebyrsatsane variere i større grad mellom dei ulike klassene, som vil gi seg utslag i at ein del sendarar får høgare vekt i høve til gjeldande nivå, mens andre får lågare vekt. For dei fleste aktørar vil det totale beløpet likevel ikkje endre seg vesentleg.

Framlegget i § 9 inneber at det no og skal krevjast gebyr for brukarar av lågeffektsystem. Slike gebyr vil ha ein storleik som vurderast til å vere relativt overkommeleg for brukarane. Innføringa av gebyr for lågeffektsystem i framlegget i tredje ledd vil ikkje endre storleiken på gebyra for andre frekvensbrukarar, sidan det er få slike løyve, om lag 20–30 kvart år. Framlegget om gebyrutrekning ut frå regionale spektrumsløyve i § 9 andre ledd vil føre til at ein del brukarar vil

oppleve ein auke i gebyra på 25–30 %. Dette gjeld for spektrumsløyve i region 1 som har få kanalar.

Framlegget som gjeld **gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar** i § 3 første ledd nr. 3 vil ikkje ha nokon konsekvensar for tilsynet sitt budsjett, sidan det totale gebyrbeløpet for administrering av ordninga framleis vil vere 2,5 mill. kr. Framlegget gjeld justering av gebyrbeløpet for 5-sifra nummerserie frå kr 6 000 til kr 3 300, og endring frå kr 1 000 til kr 2 000 for 5-sifra nummer til ikkje-kommersielle føremål av samfunnsnyttig karakter. Framlegget vil føre til endringar i fakturaene for søkjarane. Gebyr og avgift må etter framlegget spesifiserast kvar for seg.


4. Høyringsfrist

Samferdselsdepartementet ber om kommentarar innan **3. november 2008**, då det er viktig at forskrifta vert vedteken siste halvår 2008, slik at reglane kan gjerast gjeldande frå og med budsjettåret 2009.

Høyringssvar skal sendast til Samferdselsdepartementet, postboks 8010 Dep, 0030 Oslo eller på e-post til postmottak@sd.dep.no

Spørsmål kan rettast til Eli Wongraven, tlf. 22 24 82 18 eller på epost eli.wongraven@sd.dep.no.

Med helsing



Jørn Ringlund e.f.



Eli Wongraven

Vedlegg: Høyringsliste
Utkast til bestemmelser
Merknader til bestemmelsene

Kopi til:

Post- og teletilsynet